

Referat frå styremøte nr. 4-2021

Dato: 9. april 2021

Tid: kl. 08.30-10.30

Stad: Teams

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Forfall:

1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 27/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Ingen saker vart meldt til eventuelt.

Sak 28/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 3-2021 (25.03.21)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styremedlem Harry Valderhaug hadde ein merknad til referat. Merknaden var at det ikkje står i referatet at han deltok i møtet f.o.m sak 21/21: Orientering om PCI. Dette vert retta i referatet og referatet vert sendt til styret på nytt.

Referatet frå styremøte nr. 3-2021 vart elles godkjend.

Sak 29/21: Utkast til uttale vedrørende kollektivtilbod etter realisering av ny E39 Ålesund – Molde. Ved nestleiar i styret Eva Hove

Eva Hove hadde skriva eit utkast til ein uttale frå Sunnmøre Regionråd til m.a. samferdselsavdelinga i fylket. Utkastet vart sendt til styret til møtet.

Eit hovudpoeng i uttalen er at kollektivtilbodet på ny E39 Ålesund-Molde ikkje må leggjast opp slik at det vert vanskelegare å reise kollektivt for dei som bur i bygdene i randsona til den nye vegtraseen.

Styret diskuterte m.a. at det er viktig å oppretthalde kollektivtilbodet til og frå heile Sunnmøre.

Konklusjonen var at styret vil støtte ein uttale i saka. Eva Hove reviderer uttalen i høve til drøftinga i styret.

Sak 30/21: Arena Sunnmøre 2021

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Tema for Arena Sunnmøre er 2021 er demografiutfordringar i distrikta. Eit av måla med Arena Sunnmøre 2021 er å engasjere til debatt også utanfor det politiske miljøet. Arrangementet skal evaluerast.

Programmet er delt i 2 delar. Første del varer i 2 timar (kl. 10.00-12.00) og vert sendt på smp.no. I denne delen av programmet vert det m.a. innleiande føredrag ved leiaren av distriktsdemografiutvalet Victor Norman og direktøren for Vest-Norges

Brusselkontor. Etter dei innleiande føredraga vert det 2 panelsamtalar, ein om samfunnsplanlegging og ein om attraktivitet.

Andre del av programmet varer 45 min. (kl. 12.15-13.00) og vert på Teams. Deltakarane vert delt inn i grupper (med 5 på kvar gruppe) for å arbeide med gruppeoppgåver.

Sak 31/21: Meld. St. 19 (2020–2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler

Presentasjon av kunnskapsgrunnlag ved utviklingsrettleiar Torunn Måseide i Sunnmøre Regionråd.

Måseide ga styret eit kunnskapsgrunnlag om stortingsmeldinga og refererte frå dialog med NTNU i Ålesund og Høgskulen i Volda. Etter dette drøfta styret saka. Både næringslivet og kommunane har stort behov for etterutdanning.

Styret konkluderte med å drøfte saka vidare på neste styremøte. Til møtet skal det førebuast ein uttale om meldinga.

Måseide sin presentasjon følgjer vedlagd.

Sak 32/21: Etablering av revidert samarbeidsstruktur og helsefellesskap med sekretariat

Ved rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd

Ordførarane i vertskommunane for sjukehusa på Sunnmøre, Eva Vinje Aurdal og Sølvi Dimmen, vart oppnemnt av styret som (politiske) representantar for kommunane på Sunnmøre i partnerskapsmøtet (nivå 1) i samhandlingsstrukturen.

Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd (kommunalsjefar helse og omsorg) skal ha eit nytt møte 29. april 2021 for å kome i mål med oppnemning av øvrig (administrativ) representasjon frå kommunane på Sunnmøre til samhandlingsstrukturen.

Sak 33/21: Handlingsplan for Sunnmøre Regionråd

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar viste til at handlingsplanen må vere konkret, og at styremedlemmane må ta eit ansvar for gjennomføringa.

Samferdsel/infrastruktur, demografiutfordringar i distrikta, regional utvikling, utdanning og relasjonsbygging vart nemnt som område som kan konkretiserast i ein handlingsplan.

Saka vert å kome tilbake til på neste møte.

Sak 34/21: Eventuelt

Avslutningsvis i møtet orienterte dagleg leiar om at ein vil prøve å få til eit felles møte med Nordfjordrådet over sommarferien.